

Emne nr. 36.

HELSING, FAKTER OG ÅTFERD

Folk helsar på kvarandre med ord og rørsler med hovudet, hendene og heile kroppen. Det ein seier kan vere hovudsaka,, men ofte kan ein skjöne meininga med helsingar og einfelde seiemåtar utan å få tak i orda, men berre ved å sjå rørslene. Heilt vanleg er det å uttrykkje ja og nei med ei kroppsrørsle. Skikk og bruk har òg på dette området endra seg mange stader. Vi ber derfor medarbeidarane, så snart det er mogeleg, å gjere merksam på om ein skikk ikkje lenger er levande i bygda, når han gjekk av bruk, og når det kom noko nytt. Dersom medarbeidarane finn at vi har gløymt noko i emnelista som dei meiner høyrer med i denne samanhengen, ber vi dei å ta det med.

1. Korleis uttrykkjer folk "ja" og "nei", - med ei rørsle med hovudet eller handa?
2. Helste eller helsar folk på alle dei møter anten dei kjenner kvarandre eller ikkje?
3. Var det nokon regel for kven som skulle helse først når ein møtte kjende?
4. Kva sa ein, og kva gjorde ein då (menn, kvinner og born)?
5. Hadde ein ulike helsingsmåtar når det galdt presten, embetsmenn, slektningar, grannar eller framande?
Var det t. d. vanleg at bygdefolk tok av seg hatten eller huva når dei møtest?
Korleis gjorde dei når dei møtte embetsmenn, storbonden eller brukseigaren?
6. Tydde det noko sers om menn heldt hatten med begge hendene eller heldt huva under armen når dei helste?
7. Helst ein på ulik måte om ein var kledd i høgtids- eller kvardagsklede?

8. Når handhelste folk på kvarandre? Handhelste ein på dei aller minste borna òg, når ein kom på vitjing?

9 Klappa folk kvarandre på oksla som eit uttrykk for venskap eller glede?

10. Tok mennene av seg hatten når dei var ute og fekk høyre klokkeringing frå kyrkja? (Korleis gjorde dei då når dei var på åkeren t. d.?) Kva gjorde kvinnene i dette høvet?

11. Korleis synte folk vyrndad og samkjensle når dei møtte likferd eller brurefylgje?

12. Kjem folk i hug at ein før i tida helste på visse ting og dyr?

13. Frå kva for eit klokkeslett sa ein "gomorn", "morn", "goddag", "god middag", "god efta", "god kveld", "god aften", "god natt"

14. Ser ein det som usømeleg å nytte ei helsing som ikkje er rett, t. d. seie "gomorn" midt på dagen eller om kvelden?

15. Finst det visse svar ved slike høve?

16. Er ein nøye med dette i dag, eller er "morn" ("gomorn") vorte vanleg heile døgeret rundt?

17. Brukte ein å helse med orda "Guds fred", "signe arbeidet", "signe strevet", "signe kvila", "signe laget", "signe maten?"

18. Fanst det andre tiltalemåtar med "signe" eller "velsigne", og kva svara ein?

19. Når verten i huset tek i mot ein gjest ute på tunet og fylgjer han inn i stova, vil gjesten då ta oppatt helsinga når han kjem inn, t. d. med "goddag inne òg"?

20. Korleis bar ein seg åt når ein ville tale med husfaren åleine?

21. Brukte og brukar ein å banke på døra før ein går inn?

22. Kva svara dei som var inne, og korleis skulle han te seg som kom inn?

23. Skulle han verte ståande ved døra til dei bad han om å gå frampå?
24. Skulle han ta hatten eller huva av seg straks han kom inn, eller skulle han vente til dei bad han setje seg?
25. Kva sa ein til folk som venta ved døra?
26. Vart det gjort skilnad på kven det var?
27. Korleis helste ein heilt framande som kom til gards?
28. Bar ein seg onnorleis åt når slike kom, enn når kjenningar kom? (Turka ein t. d. av stolen som ein sette fram for den framande?)
29. Korleis vart innbedne gjester helsa velkomne?
30. Kva sa folk til farvel ved kvardagslege vitjingar, kva svara ein?
31. Korleis helste ein ved avskil? a) for lang tid (ei reise), b) truleg for siste gong
32. Var det skikk å kysse kvarandre til farvel?
33. Kven var det som kyste kvarandre (berre mennene, berre kvinnene, menn og kvinner eller born og foreldre)?
34. Hadde ein andre uttrykke for å kysse (gi munn)?
35. Brukte ein å kysse på handa? Kyste t. d. born foreldra eller framande på handa?
36. Var det for å syna vyrndad, eller for å syna takksemnd for ei gåve?
37. Kyste folk si eiga hand for å gje uttrykk for stor glede?
38. Kva seier ein til småborn når dei skal gje nokon eit kyss?
39. Brukte vaksne å gni nasen sin mot nasen til småborna, og kva kalla ein det (byte nase, bryne stubb)?
40. Var det mora eller begge foreldra som gjorde det, eller kunne alle vaksne gjere det?

41. Brukte vaksne å stele nasen til barnet ved å knipe nasen mellom peke- og langfingeren?
Korleis vart det gjort, og kva kalla ein det?

42. Brukte folk å leggje kjake mot kjake som kjærteikn, og kva kalla ein det (gje godkjeke eller godkjake)?

43. Var det berre mellom born og foreldre dette vart gjort, mellom vaksne og born, eller òg mellom vaksne?

44. Når nytta ein uttrykket "til lukke"? Hadde ein andre uttrykk for same?

45. Kva sa folk til jol, nyår og andre festdagar, barnefødsel, truloving, brudlaup?

46. Ved dødsfall? Ved motgang?

47. Korleis takka ein?

48. Brukar ein å takke ut, d. v. s. at ein takk for seg på vegne av den avlidne, når og kvar gjorde ein det (i huset, ved grava) og kva kallast dette (skila)?

49. Korleis kunne ein uttrykkje vanvyrnad for einkvan berre ved fakter?

50. Kven seier folk "du", "De", "I" eller "Jer" til?

51. Seier ein "han" eller "ho" i staden for "du" eller "De" til nokon?